



Fjord kommune

Plan og miljø

Statsforvaltaren I Møre Og Romsdal
Postboks 2520

6404 Molde

Vår ref.

20/4359/PLANNAVN-Raudbergvika /
Robbervika, FA-L13, GBN-
77/1/MARHOV/41867920

Dykkar ref.

Dato:

14.11.2023

Revidert planforslag og førespurnad om trekking av motsegn - Områderegulering for Raudbergvika Landbasert Oppdrett i Fjord kommune

Viser til tidlegare dialog i saka, spesifikt dykkar høyringsbrev i forbindelse med 2. gongs høyring og motsegner ståande til områdereguleringsplanforslag for Raudbergvika Landbasert Oppdrett. Fjord kommune har mottatt og behandla revidert planforslag, og konkluderer med at grunnlaget for motsegnene har falt bort. Vi ber med dette om at det vert gjort grundige nye vurderingar i lys av den informasjonen som kjem fram i planforslaget og tilleggskjendte dokumenta og dei endringane som er gjort slik at motsegnene trekkast.

Når det gjeld plandokumenta er det lagt ved ei vedleggsliste som syner komplett planforslag inkl. utgreiingar og rapportar. Mengda dokument i antal og storleik har blitt så omfattande at det ikkje er fornuftig å distribuere gjennom epost. Dykk har derfor no allereie mottatt ein eigen epost frå Interaxo med informasjon om korleis De kan laste ned desse dokumenta. Denne er gyldig ut november, så sørg for at desse blir lasta ned så snart som råd. **Dersom det skulle oppstå problem med innlogging eller å få lasta ned filene, vennlegast kontakt ansvarleg for filhotellet Andres Thyri ath@artec-aqua.com**

Vedlagt er i tillegg til vedleggsoversikta også saksframlegget som syner Fjord kommune si behandling av saka etter 2. gongs høyring.

Planforslagsstillar sin kontaktperson er Heidi Hansen v/ Nordplan hh@nordplan.no og kommunen sin kontaktperson er underteikna martin.flatmo.hove@fjord.kommune.no.

Med helsing

Martin Hove
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
1425512	Vedleggsliste Områdeplan Raudbergvika, 26.10.23(2)
1425544	Vurdering av planforslag etter 2. gongs høyring

Mottakere:

Direktoratet For Mineralforvaltning Med Bergmesteren For Svalbard	Ladebekken 50	7066	Trondheim
Mattilsynet	Felles postmottak Postboks 383	2381	Brumunddal
Møre Og Romsdal Fylkeskommune	Postboks 2500	6404	Molde
Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve)	Postboks 5091 Majorstua	0301	Oslo
Statsforvaltaren I Møre Og Romsdal	Postboks 2520	6404	Molde

Vedlegg til områdeplan for landbasert oppdrettsanlegg Raudbergvika - Eidsdal :

1 SITUASJONSPLANAR og ILLUSTRASJONAR

- 1.1. Situasjonsplan Raudbergvika, utarbeidd av Moldskred, datert 27.04.21, sist rev. 16.09.22.
- 1.2. Snitt fylling Raudbergvika, utarbeidd av Moldskred, datert 07.06.22, sist rev. 26.08.22.
- 1.3. Situasjonsplan Eidsdal, utarbeidd av Moldskred, datert 13.10.21, sist rev. 10.05.22
- 1.4. Snitt planeringsområde Eidsdal, utarbeidd av Moldskred, datert 10.05.22.
- 1.5. 5 illustrasjonar bygningar og anlegg i Raudbergvika, midtfjords nord, midtfjords sør, nærbilde, oversikt, perspektiv frå Liene, utarbeidd av Moldskred.
- 1.6. Illustrasjon prinsipp berganlegg, oversiktsplan, Norconsult 19.02.21.
- 1.7. Illustrasjon plan og snitt berganlegg, Norconsult 19.02.21.
- 1.8. Foto eksisterande situasjon, Cowi 11.04.23.
- 1.8. Fotomontasje tiltak i dagsituasjon, Cowi 11.04.23.
- 1.9. Fotomontasje tiltak i nattsituasjon, Cowi 11.04.23.
- 1.10. Fotomontasje nullalternativet, Cowi 11.04.23.
- 1.11. Fotomontasje alternativ restaurering, Cowi 11.04.23.

2 RAPPORTER NATURMANGFALD

- 2.1. Oppdatert konsekvensutredning for naturmangfold og naturressurser i sjø i Raudbergvika, rapport utarbeidd av Rådgivende biologer – datert 28.06.22.
- 2.2. Oppdatering av konsekvensutredning for naturmangfold på land i Raudbergvika, rapport utarbeidd av Rådgivende biologer – datert 28.06.22.
- 2.3. Oppdatert konsekvensutredning for naturmangfold Eidsdal, rapport utarbeidd av Rådgivende biologer – datert 28.06.22.

3 RAPPORTER LANDSKAP og VERDSARV

- 3.1. Områderegulering med KU, Raudbergvika – Eidsdal, - KU Landskap og verdensarv, rapport utarbeidd av Nordplan, datert 12.11.21.
- 3.2. **KU verdsarv, KUVA, datert 27.03.23, revidert 07.09.23 utarbeidd av COWI.**
- 3.3. Rapport IUCNs rådgivende befarig, Vestnorsk fjordlandskap: Geirangerfjorden og Nærøyfjorden, (Norge) 29.06.-01.07.22. Datert september 2022.

4 UTSLEPP - VASSMODELERING

- 4.1. Dokumentasjonsvedlegg til søknad om landbasert konsesjon for World Heritage Salmon AS i Raudbergvika 07.09. i Fjord kommune, rapport utarbeidd av Rådgivende biologer – datert 01.02.21.
- 4.2. Modellering av vannutskifting i Raudbergvika, vannmodellering til definering av oppholdstid og fortykning av avløpsvann i Raudbergvika, rapport utarbeidd av DHI, datert 17.12.21. Høy rensegrad.
- 4.3. Modellering av vannutskifting i Raudbergvika, vannmodellering til definering av oppholdstid og fortykning av avløpsvann i Raudbergvika, rapport utarbeidd av DHI, datert 09.06.22. Lav rensegrad.
- 4.4. Akvaplan NIVA – Kommentarer til modellgrunnlag og vurderinger av utslipp av næringsstoffer til Raudbergvika, notat datert 26.04.23.
- 4.5. Forslag til Miljøovervåkingsplan utarbeidet av Akvaplan Niva AS og Marine Prospects AS, datert 26.04.23

5 RAPPORTER GEOLOGI

- 5.1. WHS-Raudbergvika – Ingeniørgeologisk og hydrogeologisk rapport for vegtunnel, utarbeidd av Norconsult datert 15.10.21, sist revidert 17.06.22.
- 5.2. WHS-Raudbergvika – tilsvar spørsmål og avklaring frå Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) i forbindels med reguleringsplan og ROS-analyse, notat utarbeidd av Norconsult datert 25.02.21.
- 5.3. WHS-Raudbergvika – Skredfarevurdering utvidet reguleringsområde Eidsdal, rapport utarbeidd av Norconsult datert 15.10.21, sist revidert 17.06.22.
- 5.4. WHS-Raudbergvika – Skredfarevurdering Raudbergvika, utarbeidd av Norconsult datert 25.01.21, sist revidert 23.06.22.
- 5.5. Oppsummeringsnotat: skredfarevurdering av eksisterende havn, utarbeidd av Norconsult datert 29.06.21.
- 5.6. WHS-Raudbergvika Teknisk sikkerhet i dag- og berganlegg Norconsult, rapport av 16.06.21
- 5.7. Ingeniørgeologisk rapport for berganlegg, Norconsult, datert 26.02.21
- 5.8. Numerisk modellering berghaller, rapport Norconsult datert 25.02.21.
- 5.9. Notat – Norconsult – WHS-Raudbergvika – Overordnet geoteknisk vurdering av grunnforhold i dagsone, datert 25.02.21.
- 5.10. Konseptstudie utslag under vann, rapport utarbeidd av Norconsult – datert 25.02.21.
- 5.11. Overordnede vurderinger berganlegg, Norconsult rapport datert 26.01.21
- 5.12. WHS-Raudbergvika - Anbefalte grunnundersøkelser for berghaller, notat utarbeidd av Norconsult datert 24.01.21.
- 5.13. WHS-Raudbergvika – datarapport kjerneboring, utarbeidd av Norconsult datert 20.03.22.
- 5.14. Vurdering av utførte grunnundersøkelser. Kjerneboring og laboratorietester. utarbeidd av Norconsult datert 01.04.22.

6 RAPPORTER FLAUM og OVERVATN

- 6.1. Overvannshåndtering Raudbergvika, rapport utarbeidd av Norconsult datert 01.07.22.
- 6.2. Notat WHS Raudbergvika – Flomvurdering, utarbeidd av Norconsult datert 08.06.22.
- 6.3. Notat - Flomfare fra vindbølger og skredinduserte bølger, utarbeidd av Norconsult datert 24.06.22.
- 6.4. Bølgerapport, Åkerblå av 31.08.21.
- 6.5. Ros-analyse, Åkerblå datert 15.10.21. (bølge/vind/stormflo/strømvirkning havneforhold mv.)

7 RAPPORTER ENERGI

- 7.1. Sweco, Raudbergvika – Elektroniske løsninger, datert 26.03 2021
- 7.2. Risikovurdering av transformatorrom i matfiskanlegg i Raudbergvika, rapport utarbeidd av Sweco datert 29.01.21, sist revidert 08.02.21.
- 7.3. Geoteknisk vurdering for ilandføring av strømkabel og deponering av masser. Notat utarbeidd av Norconsult, datert 11.02.22.

8 RAPPORT SAMFUNNSØKONOMISK ANALYSE

- 8.1. Revidert samfunnsanalyse: Landbasert oppdrettsanlegg i Raudbergvika, utarbeidd av Menon Economics, datert juni 2022.

9 ANDRE DOKUMENT

- 9.1. ROS- Risikovurdering for anlegg ved flodbølge fra skred, utbyggers analyse av 15.10.21.
- 9.2. Notat Håndtering av sprengsteinmasser fra berganlegg, utarbeidd av Moldskred – datert 12.10.21, rev. 15.06.22.
- 9.3. WHS, Biosikkerhetsplan, august 2022.
- 9.4. Vassforsyning, notat datert 13.04.23, utarbeidd av Riksheim.
- 9.5. Merknadsvurdering etter 1. gongs høyring.

- 9.6. Innkomne merknader etter 1. gongs høyring/ offentlig ettersyn.
- 9.7. 1. gongs høyring, Planomtale med KU - Områdeplan for landbasert oppdrettsanlegg Raudbergvika-Eidsdal, datert 12.11.21.
- 9.8. 1. gongs høyring, Føresegner datert 12.11.21.
- 9.9. Ros-analyse, datert 12.11.21, rev B 26.04.23.
- 9.10. 2. gongs høyring, Planomtale, revidert 26.04.23.
- 9.11. 2. gongs høyring, Føresegner datert 24.03.23.

10 KONSEKVENSGREIING

- 10.1. KU-områdeplan for landbasert oppdrettsanlegg Raudbergvika – Eidsdal, datert 26.04.23, utarbeidd av Nordplan.

11 NYE/REVIDERTE DOKUMENT ETTER 2. GONGS HØYRING

- 11.1. Planomtale, datert 19.10.23.
- 11.2. Føresegner, rev. B, datert 18.10.23.
- 11.3. Ros-analyse, rev. C, datert 16.10.23.
- 11.4. Reguleringskart, rev. A datert 13.04.23, justert 17.10.23.
- 11.5. Merknadsvurdering etter 2. gongs høyring.
- 11.6. Utvidet sammendrag, datert 12.10.23 « Oppsummering av dokumentasjon og faglige vurderinger relatert til næringsutslipp» utarbeidd av Marine Prospects ved Solveig van Nes, Dr.Scient
- 11.7. Notat datert 26.09.23, WHS Raudbergvika – Svar på høringsinnspill angående Kilstivatnet, utarbeidd av Norconsult.
- 11.8. Notat datert 15.05.23, WHS Raudbergvika – Foreløpige geotekniske vurderinger av fylling i sjø, utarbeidd av Norconsult.
- 11.9. Revidert situasjonsplan Raudbergvika, datert 21.09.23, Norconsult.
- 11.10. Revidert prinsipp og snitt bergrom, Norconsult tegningsnr. 1179-A-O-80-001.
- 11.11. Snitt av eksisterande kai, datert 04.09.23, Norconsult tegningsnr. 1179-A-O-40-003.
- 11.12. Illustrasjonar bygningsmasse 5 stk. av dagsituasjon og 1 for nattsituasjon, Norconsult
- 11.13. Notat av 13.10.23, Raudbergvika- Betydninga for næringslivet og samfunnmessig berekraft i Fjord kommune, kommunedirektør Arne Krohn.
- 11.14. Notat Håndtering av sprengsteinmasser fra masseuttak, utarbeidd av Norconsult, datert 09.09.23.



Saksframlegg

Vurdering av planforslag etter 2. gongs høyring

Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
086/23	Formannskapet	09.11.2023
076/23	Kommunestyret	09.11.2023

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.11.2023	Vedlegg 11.1 Planomtale områdeplan Raudbergvika - Eidsdal, datert 19.10.23	1424640
01.11.2023	Vedlegg 11.2. Føresegner, rev. B 18.10.23	1424641
03.11.2023	Vedlegg 11.3. ROS-analyse, rev. C datert 16.10.23	1424642
03.11.2023	Vedlegg 11.4.1 Plankart vertikalnivå 01_171023_Eidsdal	1424643
03.11.2023	Vedlegg 11.4.2 Plankart vertikalnivå 01_171023_Raudbergvika	1424644
03.11.2023	Vedlegg 11.4.3 Plankart vertikalnivå 01_171023_Tunnel	1424645
03.11.2023	Vedlegg 11.4.4 Plankart vertikalnivå 02_171023_Eidsdal	1424646
03.11.2023	Vedlegg 11.4.5 Plankart vertikalnivå 02_171023_Raudbergvika	1424647
03.11.2023	vedlegg 11.4.6 Plankart vertikalnivå 02_171023_Tunnel	1424648
03.11.2023	Vedlegg 11.5. Merknadsvurdering 2. gongs høyring, datert 19.10.23	1424649
03.11.2023	Vedlegg 11.6. Utvidet sammendrag, datert 12.10.23 Faglige vurderinger relatert til næringsutslipp, Marine Prospects Solveig van Nes, Dr.Scient	1424650
03.11.2023	Vedlegg 11.7. Notat datert 26.09.23, WHS Raudbergvika - svar på høringsinnspill Kilstivatnet, Norconsult	1424651
03.11.2023	Vedlegg 11.8. Notat datert 15.05.23, NO-18 WHS Raudbergvika - Foreløpig geotekniske vurderinger av fylling i sjø, Norconsult	1424652
03.11.2023	Vedlegg 11.9. Revidert situasjonsplan Raudbergvika, datert 21.09.23 , teikningnr 1179-A-O-10-002 rev.4	1424653
03.11.2023	Vedlegg 11.10 Revidert prinsipp og snitt bergrom, Norconsult tegningnr 1179-A-O-80-001	1424654
03.11.2023	Vedlegg 11.11. Snitt eksisterende kai, datert 04.09.23 Norconsult teikningnr 1179-A-O-40-003	1424655
03.11.2023	Vedlegg 11.12. Illustrasjoner bygningsmasse 5 stk. av dagsituasjon og 1 for nattsituasjon, Norconsult	1424656

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.11.2023	Vedlegg 11.13. Notat av 13.10.23, Raudbergvika - betydning for næringslivet og samfunnsmessig berekraft i Fjord kommune, kommunedirektør Arne Krohn	1424657
03.11.2023	Vedlegg 11.14. Notat Håndtering av sprengsteinsmasser fra massetak, Norconsult, datert 09.09.23.	1424658
03.11.2023	Vedlegg 10.1 KU områdeplan landbasert oppdrettsanlegg Raudbergvika-Eidsdal, datert 26.04.23	1424659
01.11.2023	Vedleggsliste Områdeplan Raudbergvika, 26.10.23	1424660
03.11.2023	Vedlegg 3.2. KU verdsarv, KUVA, datert 27.03.23, revidert 07.09.23, utarbeidd av Cowi	1424661

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Fjord kommune viser til §12-2 og vedtek å sende revidert planforslag til områdeplan for landbasert oppdrettsanlegg Raudbergvika-Eidsdal (planID 202002) til motsegnspartane med oppmoding om trekking av motsegn. Dersom nokon av motsegnspartane framleis skulle ha motsegn til planen, vil Fjord kommune be om mekling med Statsforvaltaren. Planforslaget medfører jf. §12-14 endring og oppheving av reguleringsplanar nordvest i Eidsdal.
2. Kommunestyret ber samstundes ordførar og kommunedirektør om å ta kontakt med Hofseth International/WHS for om mogeleg å inngå utbyggingsavtale.

Kommunestyret 09.11.2023:

Jan Are Remme (H) ba om å få vurdert sin habilitet.

Det vart røysta over habilitetsspørsmålet. 18 Representantar til stades.

Røysting:

Jan Are Remme vart samrøystes kjent inhabil jf. forvaltningslova §6-2.

Per-André Rønneberg tok sete i møte som vara for Jan Are Remme før behandling av saka.

Nå 19 representantar til stades.

Ordføraren orienterte om formannskapet si innstilling til vedtak, samrøystes vedteke i møte 09. november 2023.

Kommunedirektøren og saksbehandlar Martin Hove orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Ordførar Terese Jemtegård Moen, Sp holdt eit innlegg om betydning av Hofseth si etablering i Raudbergvika for Fjord kommune.

Røysting over formannskapet si innstilling til vedtak:

Fjord kommune viser til §12-2 og vedtek å sende revidert planforslag til områdeplan for landbasert oppdrettsanlegg Raudbergvika-Eidsdal (planID 202002) til motsegnspartane med oppmoding om trekking av motsegn. Dersom nokon av motsegnspartane framleis skulle ha motsegn til planen, vil Fjord kommune be om mekling med Statsforvaltaren. Planforslaget medfører jf. §12-14 endring og oppheving av reguleringsplanar nordvest i Eidsdal.

Samrøystes i samsvar med formannskapet si innstilling.

KS- 076/23 Vedtak:

Fjord kommune viser til §12-2 og vedtek å sende revidert planforslag til områdeplan for landbasert oppdrettsanlegg Raudbergvika-Eidsdal (planID 202002) til motsegnspartane med oppmoding om trekking av motsegn. Dersom nokon av motsegnspartane framleis skulle ha motsegn til planen, vil

Fjord kommune be om mekling med Statsforvaltaren. Planforslaget medfører jf. §12-14 endring og oppheving av reguleringsplanar nordvest i Eidsdal.

Formannskapet 09.11.2023:

Jan Are Remme (H) ba om å få vurdert sin habilitet.

Det vart røysta over habilitetsspørsmålet. 6 Representantar til stades.

Røysting:

Jan Are Remme vart samrøystes kjent inhabil jf. forvaltningslova §6-2.

Claus Hoff tok sete i møte som vara for Jan Are Remme før behandling av saka.

Nå 7 representantar til stades.

Kommunedirektøren og saksbehandler Martin Hove orienterte om saka. Saka vart drøfta.

Lars Kristian Øvrebust, Sp legger fram forslag at innstillinga kun gjeld punkt 1.

Claus Hoff, H, stiller også spørsmål om pkt. 2 i innstillinga skal vere med.

Punktvis røysting over kommunedirektøren si innstilling:

Pkt. 1 i kommunedirektøren si innstilling

Samrøystes i samsvar med kommunedirektøren si innstilling.

Pkt. 2 i kommunedirektøren si innstilling

0 røysta for pkt. 2

7 røysta mot pkt. 2.

Dermed fell pkt. 2 i kommunedirektøren si innstilling.

FS- 086/23 Vedtak:

Innstilling til kommunestyret:

Fjord kommune viser til §12-2 og vedtek å sende revidert planforslag til områdeplan for landbasert oppdrettsanlegg Raudbergvika-Eidsdal (planID 202002) til motsegnspartane med oppmoding om trekking av motsegn. Dersom nokon av motsegnspartane framleis skulle ha motsegn til planen, vil Fjord kommune be om mekling med Statsforvaltaren. Planforslaget medfører jf. §12-14 endring og oppheving av reguleringsplanar nordvest i Eidsdal.

Sakgrunnlag:

Revidert planforslag for Raudbergvika Landbasert Oppdrett er mottatt frå World Heritage Salmon etter høyringsrunda som var gjennomført sommaren 2023.

Tabellen nedanfor viser saka si historikk og planlagt framdrift. I forhold til forrige behandling av planforslaget 30.11.21 som la opp til vedtak i mai 2022 har tidsplanen blitt vesentlig utsatt mellom anna som følge av ytterlegare utgreiingsbehov og medverknadsprosessar etter stort tal motsegner ved tidlegare høyring. Mykje av dette var knytt til usikkerhetsmoment rundt mellom anna grunnvatnsdrenering i fjell, tolking av utslepps vurderingar, forholdet til verdsarv og vernehensyn som har krevd ytterlegare informasjonsinnhenting, analyser og vurderingar.

Prosess	Når
Planinitiativ mottatt	11.06.2020
Oppstartsmøte	17.06.2020
Politisk behandling av planprogram	Juni 2021
Høyring av planprogram 6 veker	Juni - august 2021
Behandling av merknader	August-September 2021
Politisk vedtak av planprogram	Oktober 2021
Utarbeiding av reguleringsplan og KU	Sept - Nov 2021

1. gongs behandling: Politisk behandling av planforslag	November 2021
Høyring av planforslag 6 veker	Des - Jan 2022
Folkemøte	Januar 2022
Behandling av merknader, utgreiingar, medverknad	Jan 2022 - Apr 2023
2. gongs behandling: Politisk behandling før ny høyring	11.05.2023
2. gongs høyring	Mai-juli 20203
Behandling av merknader, revidering av planforslag	Juli-okt 2023
Behandling i nytt kommunestyre	09. nov 2023
Trekking av motsegner (evt meklingsperiode)	Nov/des 2023
Ny behandling / Eigengodkjenning av plan	Jan 2023

Gjennom reguleringsplanen skal fysiske tiltak, inngrep og arealbruk avklarast i forhold til samfunn, natur og miljø. Produksjonsomfang av smolt og laks blir regulert gjennom konsesjon, og utsleppsløype vert fastsett av Statsforvaltar i påfølgjande prosessar, og er regulert gjennom forureiningslova.

Saksopplysningar:

Planforslaget tek føre seg etablering av eit landbasert oppdrettsanlegg i fjellhallar i Raudbergvika. Anlegget skal knyttast til Eidsdal ved biltunnel, men det meste av transport til og frå skal skje sjøvegen. Frå tidlegare versjonar av tiltaket er omfanget sterkt redusert, og omfattar no minimale støttefunksjonar i form av administrasjonsbygg, mannskapsbygg, fôrlager, oksygenlagertankar, biogassanlegg, straumforsyningsanlegg, kaier og transportareal i tillegg til berganlegget for laksoppdrett. Tidlegare har plananen inkludert betydeleg større bygningsmasse i Raudbervika inkl. smoltanlegg, samt fryseri og foredlingsanlegg i Eidsdal, men desse tiltaka er tatt ut som følge av saka si kompleksitet og motsegner.

I tillegg til sjølve planforslaget med plankart, beskrivelse og føresegner følgjer ei mengd utgreiingar. Utgreiingsmengda er så stor at eit eige webhotell har måtte blitt bygga opp for å huse alle utgreiingane, og høyringspartane har problem med å halde seg orienterte i saka. Krava som er stilt til kunnskapsgrunnlag i denne planen kan liknast med om ein samstundes skulle behandle konsesjonssaka for anlegget, som har gjort det ekstra krevjande å få bruke reguleringsprosessen slik den er tenkt, altså å avklare rammene. Det har derimot sytt for eit særleg solid grunnlag for å behandle det prinsipielle ved regulerings spørsmålet.

Vurderingane er knytt til mellom anna risiko og risikohandtering i anleggs- og driftsfase, vurderingar knytt til skred- og flodbølgjefare, bergteknisk og geoteknisk vurdering, samfunnsøkonomisk analyse, konsekvensutgreiingar og vurderingar knytt til vatn og utslepp, sidan sist er det gjort vesentlege forbetringar i planforslaget, omfattande utgreiingar, skildringar og tydeleggjeringar for å imøtekome høyringsmerknader og motsegner som kom i andre høyringsrunde. For detaljar rundt meknadvurderingane og endringane dei har ført til kan ein sjå vedlegg 11.5 Merknadvurdering 2. gongs høyring, datert 19.10.23, og endringane er også tydeleg skildra i planomtalen (vedlegg 11.1)

Då sakens kjerne i dag er dei ulike motsegnene som må trekkast før kommunen kan eigengodkjenne planen, startar vi med å sjå på desse, og kva som er gjort med dei enkelte. Deretter vil vi vurdere i kva grad kommunen meiner grunnlaget for motsegnene har falt bort og oppmoding om trekking av motsegn bør sendast.

	Motsegnspart og motsegner	Status etter 2. gongs høyring og revisjon
1	Statsforvaltaren: Det er ikkje gjort ei reell vurdering av alternativ areal for lokalisering av anlegget, jamfør forskrift om konsekvensutgreiing § 19	Vurdering av alternative areal er synleggjort i planomtale 6.1.1

2	Statsforvaltaren: Prosjektet er i for stor konflikt med verdsarven Vestlandsk fjordlandskap, jf. T-2/16 punkt 3.9 og landskapsvernområde Geiranger-Herdalen punkt jf. T-2/16 punkt 3.6 og 3.9	Spørsmålet om konflikt med verdsarvverdiane er vidare utgreidd og skildra i planomtale punkt 3.3.1 og 6.3. Konflikta med verdsarvverdiane er no å sjå som minimal.
3	Statsforvaltaren: Mogleg påverknad av Kilstivatnet og tilhøyrande nedbørsfelt, jamfør T-2/16 punkt 3.6, 3.7 og 3.9, med vekt på naturmangfaldlova § 9	Mogleg påverknad på overflatevatn, Kilstivatnet m.v. er vurdert av Norconsult i vedlegg 11.7 og oppsummert i planomtale 6.3.
4	Statsforvaltaren: ROS-analysen tilfredsstillar ikkje utgreiingskravet i plan og bygningslova, jamfør plan og bygningslova § 4-3	Det er gjort endringar i planane som påverkar dette, og i tillegg er ROS-analysen oppdatert til å tilfredsstillar utgreiingskravet, mellom anna med samfunns- og økonomiske konsekvensar, og grundingare grunngeving av valg tryggleiksklasser.
5	Statsforvaltaren: Det er for stor usikkerheit for langtidsverknader for Storfjorden som resipient og påverknad på økosystemet, jf. T-2/16 punkt 3.7, med vekt på naturmangfaldlova §§ 9 og 10	Moglege langtidseffektar for Storfjorden som resipient, påverknad for økosystemet er grundig utgreidd av dei fremste fagmiljøa i landet og oppsummert i vedlegg 11.6 og samandrag finn vi i planomtalen 6.2.1
6	Statsforvaltaren: Massehandtering er ikkje avklart, jamfør plan og bygningslova § 4-2	Massehandtering er sikra gjennom rekkefølgebestemmelse i føresegnene 6.1.1.
7	Statsforvaltaren: Føresegnene må sikre opparbeiding av badeplassen med rekkefølgekrev	Badeplassen er også sikra som følge av rekkefølgebestemmelse i føresegnene 6.2.5
8	NVE: Det er ikkje tilstrekkeleg dokumentert kva tryggleiksklasse som er aktuell for tiltaka i planområdet, jf. krava i byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-3	Tryggleiksklasser for tiltaka er utgreidd og presisert i planomtalen 6.4.1
9	NVE: Planen manglar dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik mot naturfare på siste plannivå, alternativt manglar detaljregulering	Tryggleiksklasser for tiltaka er utgreidd og presisert i planomtalen 6.4.1 Planomtalen er oppdatert med grundig skildring av alle bygg og tiltak, og vurderingar knytt til tryggleiksklasse. Føresegnene og plankartet sørger for at alle funksjonar no er plassert tilstrekkeleg trygt jf krava i byggt teknisk forskrift TEK17 §7-3.
10	NVE: Planen dokumenterer ikkje at utbyggingsareal kan sikrast med tilstrekkeleg tryggleik mot flodbølge som sekundær verknad av fjellskred i samsvar med krava i TEK 17 § 7-3	Sjå svar på motsegn 9.
11	NVE: Planen har ikkje klartgjort aktuelle vurderingar for vurdering etter unntaksregelen i TEK17 §7-4	Presisering er gjort i oppdaterte plandokument. Planen er ikkje avhengig av unntaksregelen TEK17 §7-4
12	NVE: Planen avklarar ikkje at utbyggingsareal kan sikrast med tilstrekkeleg tryggleik mot skred i bratt terreng i Raudbergvika	Sjå svar på motsegn 9

13	Mattilsynet Planforslaget tar ikkje tilstrekkeleg omsyn til drikkevassomsynet med tanke på leveringssikkerheit (framtidig kapasitet). I tillegg kan råvatnskvaliteten endre seg som ein følgje av endringar i vassstilsig og vasstand i Kilstivatnet	Grundige vurderingar knytt til Kilstivatnet er utført av Norconsult, med eigen rapport (vedlegg 11.7) og kommenter i planomtale 6.3.3.
14	Direktoratet for mineralforvaltning Mangelfull vurdering av tiltakets påverknad på, og omsyn til viktig mineralressursar i konsekvensutgreiinga. Plana er i strid med nasjonale mål og forventingar om utgreiing av og forvaltning av mineralske ressursar	Nye vurderingar av tiltaket si innverknad på mineralressursen, og omfanget av prosjektet er endra som fører til mindre berøring av førekomsten. I tillegg sikrar føresegnene berekraftig bruk av massar/mineralar. Kommenter i planomtale, under punkt 6.5.1.
15	Møre og Romsdal fylkeskommune: Reguleringsplanen kan ikkje sameinast med området sin status som verdsarv jf rundskriv T-2/16 punkt 3.9 og H-2/14 frå Regjeringa	Svart ut i detalj i vedlegg 11.5 Merknadsvurdering side 3 til 7.
16	Møre og Romsdal fylkeskommune: Motsegn heimla i regional plan for vassforvaltning på grunn av uvisse om langsiktige verknader for Kilstivatnet og Storfjordsystemet samla.	Svart ut i detalj i vedlegg 11.5 Merknadsvurdering side 3 til 7.
17	Møre og Romsdal fylkeskommune: Arkeologisk kulturminne ID283922 RpBo-sone må ha rett geometri	Svart ut i detalj i vedlegg 11.5 Merknadsvurdering side 3 til 7.

Med tanke på at det er eit nykonstituert kommunestyre som skal behandle saka vil ein repetere ein del av momenta frå tidlegare sakshandsaming når det gjeld konsekvensar for dei ulike deltema.

Konsekvenser for:

Miljø

Utsleppet som det ferdige anlegget vil generere har vore gjenstand for debatt, og avstanden mellom dei to meiningsleirane har vore stor. Der Statsforvaltar mellom anna i sitt høyringsvar meinte at utsleppet er for stort til å kunne plassere anlegget i Storfjorden, meiner fleire av landet sine fremste fagmiljø at det er fullt mogleg å realisere anlegget som planlagt på ein trygg måte. Med begrunnelse i reinseteknologi, lokale forhold, trinnvis utbygging og tett miljøoppfølging meiner dei leiande fagmiljøa at det ligg godt til rette for at anlegget kan plasserast i Raudbergvika som planlagt. Trinnvis utbygging med tett oppfølging sørger for at ein i sanntid og over tid kan overvåke verknadene i fjorden for kvart trinn før ein går vidare. Fleire fagmiljø inkl COWI, DHI, Åkerblå, Rådgivende biologer, Akvaplan NIVA har vore involvert i vurderingane, og desse er no oppsumert av Marine Prospects som konkluderer med at *“... et omfattende faglig dokumentasjonsunderlag konkluderer med sannsynlighetsovervekt at vannforekomst vil opprettholde miljømål om minimum «god økologisk tilstand» og at utslippet ikke vil lede til betydelig eller irreversibel skade selv ved full kapasitet.”*

Tiltakshavar sin plan for overvåking av miljøet er basert på ei trinnvis utbygging over 7 år. Etter 3 år vil anlegget vere på ½ kapasitet, altså ca 33 000 tonn per år, og på år 5 vil det bli oppskalert til 66 000 tonn. før det etter 7 år blir oppskalert til full kapasitet. Kjerna i planen er derfor at utslepp og effekt på resipienten kan målast og bekreftast å vere i samsvar med rapportar og analyser som tiltakshavar tidlegare har levert som viser at utsleppa vil vere godt innanfor fjorden si toleevne. Modellane vil dessutan oppdaterast med ny reell data, og bli enda meir presise.

Sjølv om tiltaket vil medføre klimagassutslepp ser ein tiltaket som eit viktig bidrag til berekraftig utvikling av havbruksnæringa gjennom etablering av landbasert oppdrett, der heile verdikjeda er lokalt plassert rundt Storfjorden. Planforslaget fører til redusert transportbehov for ei av norges viktigaste næringar med kort veg mellom produksjon og foredling.

Barn og unge

Planområdet i Raudbergvika har vore avstengt fram til i dag pga. gruvedrifta. Det har soleis ikkje vore nytta til friluftsliv eller som leike-/opphaldsplass for barn- og unge, og tiltak i Raudbergvika vil derfor ikkje medføre tap for barn og unge samanlikna med dagens situasjon.

I Eidsdal er det gjennomført barnetrakkundersøking. Resultatet er at planforslaget berre i liten grad har innverknad på dei positive registrerte punkta, der det først og fremst gjeld badeplassen som blir utilgjengelig i anleggsperioden. Badeplassen er i friluftsområdekartlegginga registrert som mykje brukt og viktig lokalt friluftsområde.

Planen legg no opp til at det i utgangspunktet ikkje skal gjerast tiltak på badeplassen og at denne blir reetablert dersom det blir nødvendig å gjere tiltak i området i anleggsperioden, det er no i tillegg lagt inn krav om at badeplassen skal reetablerast før bruksløyve vert gitt for parkerings- og veganlegg jf. føresegnene punkt 6.2.5.

Folkehelse

Støy vil kunne vere ei utfordring i anleggsperioden, spesielt i Eidsdal. Campingområdet nordvest i Eidsdal vil utgå, og vil fungere som midlertidig riggområde og vil etter anleggstida tilretteleggast for naustformål. Støy frå sprenging vil vere størst i starten av drivinga, og anleggstrafikk vil truleg medføre støy- og støvulemper. For å bøte på desse utfordringane skal det lagast plan for handtering av støy i bygge- og anleggsfasen, inkludert avbøtande tilak. I forhold til tidlegare planforslag er støykonsekvensane i Eidsdal, og også bekymringar for lukt, sterkt redusert grunna uttak av tiltaka sjøfylling og bygging av slakteri.

Beredskap

Planområdet ligg i faresone for fleire typar skred, og fjellskredrelatert flodbølge som følgje av skred frå Åkneset og Hegguraksla. I tillegg er det utsett for havnivåstigning og stormflo. Desse problemstillingane er handtert gjennom ROS-analyse, planbeskrivelse og føresegner med utgreiingar, sikringstiltak og rekkefølgekrav.

Norconsult har konkludert med at det er mogleg å utforme funksjonar og gjere sikringstiltak som gjer byggeområda trygge nok for det som no blir funksjonar i dagen, og at berganlegget også er ingeniørgeologisk gjennomførbart med tilstrekkeleg tryggleik og tryggleik mot flodbølge. Norconsult har utgreidd alle bygningsfunksjonar, definert verdi og tryggleiksklasse slik at det no er tydeleg korleis ein har klassifisert desse til tryggleiksklasse S2. Desse skildringane finn vi att i planomtale.

Når det gjeld flodbølgjefare og forholdet til dette baserer tiltakshavar seg på å bygge tilstrekkeleg trygt utan å nytte unntaksbestemmelsen for flodbølgjer (TEK17 §7-4), ved å halde berganlegget over kote 13 og utforme funksjonar i dagen i samsvar med krav til tryggleiksklasse S2. Det medfører mellom anna å begrense antall personar som oppheld seg per bygning til 25. Planen er å heve byggegrunn til kote 7 for å møte krav om byggesikker høgd for S2 (1/1000års sansyn) i Raudbergvika. I tillegg er det krav til plastring av fyllingsfront og ellers at tiltaka skal tole utvasking frå ei ev. bølge. I tillegg vert det uavhengig av denne planen arbeidd med ei ny simulering av oppskyllingshøgder frå Åknes.

I følgje NVE, som har gjort eit studie sidan 2017, er det mogleg at ein med eit prosjekt for drenering av Åkneset vil kunne bremse utglidinga og redusere flodbølgjefaren ytterlegare. Prosjektet er kostnadsberekna til 300-350 millionar kr, og prosess for finansiering over statsbudsjetter er i gang

men tidsperspektivet har vore ukjent. I mars i år kunne direktør i NVE, Brigte Samdal, opplyse at sikringsprosjektet då var i startgropa på prosjektering og at midlane til denne utgreiinga altså er på plass. Det er forventa å ta eit par år å få utgreidd alle detaljar, og Stortinget må deretter løyve pengane for sjølve tiltaket når den tid kjem. Det blir altså arbeidd aktivt med prosjektet.

Det er fleire kritiske faktorar for risiko i driftsfasen for berganlegget, eksempelvis stopp i ventilasjonsluft, hendingar knytt til ammoniakk og utfordringar med brannrisiko knytt til elektriske køyretøy, transformatorar, oksygenproduksjon og -distribusjon. Dette er foreslått handtert gjennom utforming av anlegget og beredskapsplanar for å redusere risiko og konsekvens. Dei avdekte kritiske faktorane er alle mogleg å avbøte.

Drikkevatt

I KUVA-utgreiinga frå COWI (vedlegg 3.2) var det trekt fram ei potensiell usikkerheit knytt til tunellar kunne potensielt drenere eller senke vasstanden på drikkevasskjelda for Eidsdal, Kilstivatnet. Dette skapte naturlegvis også store bekymringar i fleire leirar og hos fleire av høyringspartane. Denne usikkerheita er derimot no tilbakevist i vurderingane gjort av Norconsult, som konkluderer med at det ikkje kjem til å bli tilfelle sjølv om det skulle vise seg å vere vassførande sprekker heilt ned til tunellane, då tunellane kan drivast med tetthetskrav med kjent teknologi som hindrar drenering av grunnvatn i fjell ved Kilstivatnet og resten av området over fjellanlegget.

Forhold til planar

Hovudtiltaket i Raudbergvika og tilknytta funksjonar i dagen blir liggande i det som i dag er sett av til masseuttak, og framstår som eit næringsområde. Innskrivingsvedtaket til verdsarvstatus tok høgde for at området skulle haldast utanfor nettopp på grunn av dette, og gjeldande verneområdeplan opnar for utviding av gruvedrift, inkludert luftesjakter i verneområdet. Området som skal nyttast er derfor per i dag ikkje verdsarvområde eller verna område, men uttak av masser, og påfølgjande lakseoppdrett vil skje innunder verna område. Planforslaget vil derimot avvike frå reguleringsplan og kommuneplan gjennom å fortrenge mineraluttak i Raudbergvika og flytte fellesnaustfunksjon i Eidsdal. Den historiske naustrekka blir tatt i vare in-situ forutan eitt naust som skal flyttast nokre meter, sjå planomtale avsnitt 5.4.3 Bevaring kulturmiljø.

Betydning for næringsliv og samfunnsutvikling

Eit eige vurderingsnotat (vedlegg 11.13) går i detalj på verknadane av planforslaget for kommunen, regionen og lokalsamfunnet, og bør definitivt lesast i sin heilskap for å få inntrykk av ståa i lokalsamfunnet og kva dette tiltaket kan bety i form av samfunnsnytte. I skrivet kan vi mellom anna lese *“Fjord kommune har ein samfunnsdel som er utarbeidd etter grundig involvering av innbyggjarar, næringsliv mv. Resultatet har vorte ein samfunnsdel som peikar felles retning framover. No er ein usikker på om planen kan stå seg framover viss det ikkje blir opna opp for ei framtidsetta utvikling av bygdene. Ei etablering i Raudbergvika vil verke inn på alle måla i samfunnsplanen, og vil kunne bidra til framtidstru og optimisme. Det er ein unik sjanse for Fjord kommune, som er i ein svært pressa situasjon – både demografisk, næringsmessig og økonomisk. At det ikkje blir etablering vil kunne føre til det motsette: pessimisme, frustrasjon over mulegheiter som glepp, vidare nedgang i folketal og kjensle av at heilskapen ikkje blir tillagt nok vekt.”*

Lokalsamfunn

Innbyggjarane har først og fremst framvist entusiasme for planane, men det var også uttrykt skepsis til industriområdet som var planlagt i nærleik til sentrum i Eidsdal. Sidan dette tiltaket no er teke merkar vi med at denne skepsisen også har gått ut. Elles er det naturlegvis bekymringar i lokalbefolkninga framleis knytt til støv- og støyprobatikk, auke i trafikk, utilgjengelighet av badeplassen o.l. som planforslaget også imøtekjem og håndterer konsekvensane av. Planforslaget er antatt å påvirke lokalsamfunnet på positiv måte gjennom tilflytting og tilførsel av både sosial kapital og finansielle midlar til fordel for lokalsamfunnet både indirekte gjennom lokalt tilsette arbeidstakarar men også indirekte gjennom bedrifter som ønsker å gje tilbake til lokalsamfunnet gjennom t.d. støtte til lokale arrangement, idretts- og kulturlag. Dagens campingplass som i dag er

leigd ut til private fast-camparar vil bli nedlagt som følgje av tiltaket. Dette medføre eit tap for eigar, leigetakarane, og til ein viss grad lokalmiljøet.

Kulturminne

Planen inneheld bandleggingssone etter lov om kulturminne, med krav om arkeologisk utgraving før utbygging. Dette gjeld område markert #1 på plankartet (sjå vedlegg 11.4.4 Plankart vertikalnivå 02). Området rundt er også sikra med omsynssone H730 og eventuelle tiltak innanfor området må godkjennast av antikvariatisk mynde ved Møre og Romsdal fylkeskommune.

Den historiske naustrekka langs vegen er verna med omsynssone H570 bevaring kulturmiljø, og restriksjonar på køyreveg (SKV) er lagt for å ta omsyn til naustrekkja. Ved ei utviding av vegen er det krav om flytting av det søraustlegaste nauset gjennom rekkjefølgekrav i føresegnene.

Naturmangfald

Rådgivande biologer har vurdert konsekvensar for naturmangfold i Raudbergvika. I deira vurdering kjem det fram at etablering av dag-anlegget i Raudbergvika vil gje barriere for dyra sin ferdsel langs lisida, og auka støy og trafikk vil vere forstyrrende for både fugl og pattedyr. Samla konsekvens for naturmangfald er vurdert som middels negativ. Viser elles til detaljerte vurderingar i Vedlegg 10.1 Konsekvensutgreiing.

Verdsarv

Konsekvensutgreiing knytt til verdsarv er utarbeidd av Cowi, datert 27.03.23. Den konkluderer med at samla konsekvens av tiltaket gir noko miljøskade, altså noko negativ påverknad på verdsarven. Mineralførekomstar vil bli påverka i heile utstrekninga av planrområdet fra Raudbergvika til Eidsdal, og det ligg i hovudsak inn under avgrensinga av verdsarven. Tabellen nedanfor er henta frå rapporten til COWI og viser konsekvensane som tiltaket samla sett vil få på verdsarven samanlikna med 0-alternativet som er å ikkje realisere tiltaket.

Definisjon av skala for vurdering av konsekvensar for verdsarvverdiane:

Skala	Skildring (Samanlikna med nullalternativet)
Svært alvorleg miljøskade (----)	Dei mest alvorlege miljøskadane som kan koma fram for området. Gjeld berre områder med stor eller svært stor verdi.
Alvorleg miljøskade (---)	Alvorleg miljøskade for området.
Betydeleg miljøskade (--)	Vesentleg miljøskade for området.
Noko miljøskade (-)	Noko miljøskade for området.
Ubetydeleg miljøskade (0)	Ingen eller liten miljøskade for området.
Noko miljøforbetring (+) / Betydeleg miljøforbetring (++)	Miljøgevinst for området. Noko betring (+) eller monaleg betring (++)
Stor miljøforbetring (+++) / Svært stor miljøforbetring (++++)	Stor miljøgevinst for området. Stor (+++) eller svært stor (++++) forbetring. Skal i hovudsak brukast der delområde med liten eller noko verdi får ei svært stor auke i verdi, for det aktuelle fagtemaet, som følgje av tiltaket.

Resultatet frå COWI si utgreiing av konsenkvensar for verdsarvverdiane

	Alternativ 0	Alternativ 1
Landskapet	Ingen konsekvens	Betydeleg miljøskade (--)
Geologiske prosessar	Ingen konsekvens	Betydeleg miljøskade (--)
Friluftsliv	Ingen konsekvens	Noko miljøskade (-)
Reiseliv	Ingen konsekvens	Noko miljøskade (-)
Geologisk mangfald og geotopar	Ingen konsekvens	Betydeleg miljøskade (--)
Marint naturmangfald	Ingen konsekvens	Betydeleg miljøskade (--)
Naturmangfald på land	Ingen konsekvens	Noko miljøskade (-)
Kulturmiljø og kulturminne	Ingen konsekvens	Betydeleg miljøskade (--)
Vassmiljø og vassstilstand i sjø	Ingen konsekvens	Fare for å endre vasskvalitet og vassstilstand negativt. Tiltaket kan føre til betydeleg miljøskade på vassmiljø og vassstilstand i fjorden.
Vassmiljø og vassstilstand i ferskvatn	Ingen konsekvens	Fare for å endre vasskvalitet og vassstilstand negativt. Tiltaket kan føre til betydeleg miljøskade på vassmiljø og vassstilstand i fjorden.
Lokalsamfunn og samfunnsverkander	Ingen konsekvens	Stor positiv endring (+++)
Grunngi høg/låg vektlegging av ein skilde tema	Tiltaket har størst innverknad på geologiske førekomstar og geotopar, i tillegg til vasskvalitet og vassstilstand i sjø og ferskvatn. Desse er difor vekta høgare enn dei andre fagtema.	
Samla verknader	Ingen endring	Noko redusert
Samla konsekvensgrad		Samla konsekvens for verdsarven er satt til betydeleg miljøskade (--)
Grunngiving	0-alternativet ikkje få nokon konsekvens.	For dei aller fleste av tema vil tiltaket ha ein negativ konsekvens, men det er store forskjellar om dette gjeld Eidsdal eller Raudbergvika og for fleire av tema kan konsekvensen bli endra som fylgje av tiltak. Det er og knytt ei uvisse til korleis vassmiljøet og vassstilstand i ferskvatn og sjø vil bli påverka av eit såpass stort tiltak. Her vil det vere avgjerande med gode tiltak både for utslepp og inntak.

Som oppsummeringstabellen syner vil tiltaket slik det var skildra ifm. COWI si vurdering i hovudsak kunne føre til negativ innverknad på verdsarven.

Vidare er det i ettertid supplert med vurderingar av landskapsverknad, utslepp til sjø, marint naturmangfald og påverknad på grunnvatn i planområdet, samt påverknad på Kilstivatnet (sjå

vedlegg 11.1 Planomtale punkt 6.3).

Konklusjonane her er henholdsvis at tiltaket er vurdert å få noko negativ verknad på landskapsbilete, at utslepp vil påvirke den marine delen av verneområdet berre i liten grad og ikkje hindre oppnåing av "økologisk god tilstand". Bekymringane knytt til innlekkasje i tunnellar og drenering av overflatevatn er tilbakevist av Norconsult, som viser at det både finst teknikk og teknologi for å hindre drenering, samt at overflatevatn i verneområde i stor grad ikkje er avhengig av grunnvannstanden. Såleis er usikkerheitsmomenta som tidlegare låg til grunn for bekymringar for negativ innverknad på verdsarven tatt bort, og potensiell miljøskade på verdsarv følgjeleg kraftig redusert.

Geologiske prosessar og geomorfologi er nemnt av fleire høyringspartar som eit område der prosjektet kan skade verdsarvverdiane gjennom uttak av masser. Det er viktig å gå tilbake til innskrivingskriterie og grunnlaget for verdsarven før ein bedømmer dette. I dei tilfella det er nemnt geologiske fagbegrep er desse siktande til overflatefenomen, eksempelvis is- og bølgeslipte overflater, eksponerte tredimensjonale snitt, spor etter landheving og liknande. Ikkje på noko punkt er masser djupt under overflata omtala som verdsarvverdi, sjølv om vernemyndene no har forsøkt å strekke seg dit. Etableringa av anlegget vil føre til uttak av masser under landskapsvernet og verdsarvområdet, men vil ikkje påvirke dei ytre geologiske prosessane som ligg til grunn for verneverdiane. Sjå detaljar kring dette i planomtalen punkt 6.3 (vedlegg 10.1).

Trafikk

Utbygger sine anslag seier at det blir gjennomsnittleg 6-7 båtanløp pr dag i Raudbergvika og om lag 20 % av arbeidsstokken kjem med eigen bil til Eidsdal, dvs. om lag 40 personar. Varetransport vil kunne fordele seg utover dagen. Som samanlikning kan ein nemne at trafikkmengda i Eidsdalsgata utgjer ein ÅDT=900 (årsdøgntrafikk, passeringar per døgn gjennomsnittleg over ett år), derav ferjetrafikk ÅDT=520 i følgje vegkart til Statens vegvesen 2022. I Ytterdalsgata mot Norddal er ÅDT=320. Det betyr noko auke i trafikk på Eidsdalsvegen i sentrum, det finst ikkje ÅDT-data for Ytterdalsgata vest for Eidsdal sentrum men tiltaket medfører utvilsomt betydeleg auke, truleg på fleire hundre prosent og betydeleg med tungtransport spesielt i anleggsperioden. Arbeidstrafikk til/frå anlegget i Raudbergvika, vil i turistsesongen truleg medføre korte periodar med kø-problem på morgon og ettermiddag. Resten av året er trafikken vurdert å vere uproblematisk. No blir det i midlertid snarleg bedring på ferjestrekket medstørre elektriske ferjer som har høgare kapasitet.

Ikkje-prisette verknader

Utsnitt frå konsekvensutgreiinga (vedlegg 10.1 punkt 7.2 s.83) viser at tiltaket er anslått til å gje netto klart positiv noverdi i prissett samfunnsøkonomisk verknad og truleg netto negativ ikkje-prissett verknad.

Tabell: Sammenstille konsekvenser for alle klima- og miljøtema

Alternativer		Nullalternativet	Tiltaket	
Vurderinger av konsekvens			Raudbergvika	Eidsdal
Klima- og miljøtema	Naturmangfold	0	Middels negativ konsekvens	Noe negativ konsekvens
	Friluftsliv	0	Ubetydelig konsekvens	Noe negativ konsekvens
	Landskap	0	Noe negativ konsekvens	Noe negativ konsekvens
	Verdsarv	0	Noe negativ konsekvens	Noe negativ konsekvens
	Kulturmiljø	0	Ubetydelig konsekvens	Middels negativ konsekvens
	Samfunnsverknad	0	Stor positiv konsekvens	Stor positiv konsekvens
	Forurensning	0	Noe negativ konsekvens	Ubetydelig konsekvens
	Klimagassutslipp	0	Omfang CO2 utslepp ikkje berekna	
Supplerende vurderinger	Begrunne vektlegging av temaene		Kumulativ verknad for verdsarv. KUYA - uvisse m.o.t utslepp og påverknad for vassmiljø.	Utgraving av fornminne.
	Andre avveiningar	0	Usikker påverknad for korallar som ligg i influensområdet.	
	Vassmiljø	0	Noe negativ konsekvens	Ubetydelig

Saksvurdering og konklusjon:

Ei sak med store positive konsekvensar medfører sine kompleksitetar, men no nærmar saka seg ein konklusjon. No svarar planforslaget inklusive planomtale, føresegner, utgreiingar, underrapportar, konsekvensutgreiingar og vitenskaplege oppsummeringar godt ut motsegnene som er reist. Vurderingane er også støtta av uavhengige partar. Nye rekkefølgekrav sørger for å ta inn nødvendige hensyn. Tiltaket er fullt ut mogleg å realisere utan untaksregel for sekundærverknad av flodbølge.

I sum konkluderer utgreiingane med at dei utfordringar ein har kan løysast, og at dei negative sidene ved tiltaket (t.d. støy, uttak av masser, landskapsverknad) er særleg begrensa samanlikna med dei store positive samfunnsmessige effektane ein får ved å realisere tiltaket. Usikkerheitsmoment er i stor grad tatt ned til eit minimum, og det som står att er handtert i rekkefølgekrav og vidare prosessar etter at reguleringsplanen er vedtatt. Som kommune er vi opptatt av balansen mellom bruk og vern, og i denne saka er vi glade for å sjå ein sterk overvekt av fordelar som ikkje medfører tilsvarende tap på vernesida. Vurderinga av verknaden på verdsarven viser som venta at ein må forvente noko negativ effekt, men at den er liten i forhold til det ein står til å vinne gjennom å gå inn for planane. Derimot kan ein risikere å rokke ved trua på verdsarvverdien om denne skal kvele overlevelsesmoglegheitene til lokalsamfunnet.

Tiltaket er altså vurdert som gjennomførbart og ønskeleg basert på eksisterande og ny informasjon, og at planforslaget svarar ut samtlege motsegner. Planforslaget bør no snarlegast verte sendt til motegnspartane med oppmoding om trekking av motsegner, med mål om å eigengodkjenne planen. Dersom det skulle vise seg at det skulle vere mindre moment att å drøfte før motsegner kan trekkast så vil ein gå vidare til meklingsmøter ved Statsforvaltaren.

Bjørn Inge Ruset
kommunedirektør